

# Protokoll for oppmålingsforretning etter lov om eiendomsregistrering (Matrikkellova)

Journalnr 20181976
Oppdragsnr

<b>Matrikkeletat</b>				
Kommune Meland kommune	K.nr 1256	Adresse PB. 79	Postnr 5906	Poststad Frekhaug

<b>Matrikkeleining</b>					
Gateadresse Skorpo 1 Skorpo 1	Gnr 57 57 57	Bnr 10 0 42	Fnr 0 0 0	Snr 0 0 0	Registrert eigar/festar Borge Birthe Molvik (Hjemmelshaver) Borge Frank (Hjemmelshaver) Borge Birthe Molvik (Hjemmelshaver) Borge Frank (Hjemmelshaver)

<b>Om oppmålingsforretninga</b>				
<b>Forretninga avvikla:</b>	Dato 01.11.2018	Kl 10.00	Stad På parsellen	
Forretninga gjeld opprettning av matrikkeleining				
<input type="checkbox"/> Grunneigedom	<input type="checkbox"/> Festegrunn	<input type="checkbox"/> Anleggseigedom	<input type="checkbox"/> Uteareal eigarseksjon	
Forretninga gjeld registrering av eksisterande grunn				
<input type="checkbox"/> Grensejustering	<input checked="" type="checkbox"/> Klarlegging av eksisterande grense	<input type="checkbox"/> Nymerking av eksisterande grense	<input type="checkbox"/> Registrering av ureg. jordsameige	<input type="checkbox"/> Matrikulering av umatrikulert grunn
<input type="checkbox"/> Arealoverføring	<input type="checkbox"/> Anna			
Forklaring				
Klarlegging av grensa mellom 57/34 og 57/42.				
<b>Saks- behandling</b>	Løyvedato	Dato for fullstendig rekvisisjon	Pårekna dato for fullført matrikulering	
Rekvirent Borge Birthe Molvik Borge Frank			Rekvisisjonsdato 08.08.2018	

<b>Habilitet</b>				
Landmålaren sitt namn				
Per Atle Sæle				
<input type="checkbox"/> Landmålar orienterte partane om det låg føre forhold av personleg eller økonomisk art som kunne tilseia inhabilitet.				
<input checked="" type="checkbox"/> Hadde nokon av partane merknader/innvending til gjennomføringa av forretninga?	<input checked="" type="checkbox"/> Nei	<input type="checkbox"/> Ja (jfr. vedlegg)		

<b>Varsling og oppmøte</b>				
Varselet om oppmålingsforretning inneholder ei liste over dei personane som var varsle, deira partsstilling, varslingsdato og varslingsmåte. Under forretninga vart det oppmoda om å stadfest sitt frammøte ved underskrift på lista og framsyning av legitimasjon. (Jfr. vedlegg).				
Ev. merknader til varslinga				

<b>Saksdokument - bakgrunn for forretninga</b>				
	Forklaring	Journalpost nr	Vedlegg nr	Urelevant
Søknad etter pbl				<input checked="" type="checkbox"/>
Vedtak (tillatelse) etter pbl				<input checked="" type="checkbox"/>
Rekvisisjon av oppmålingsforretning				<input checked="" type="checkbox"/>
Varsel om oppmålingsforretning				<input checked="" type="checkbox"/>
Situasjonskart og situasjonsplan				<input checked="" type="checkbox"/>
Konsesjonsdokument				<input checked="" type="checkbox"/>
Servitutt				<input checked="" type="checkbox"/>
Uttalelse/tillatelse fra andre myndigheter				<input checked="" type="checkbox"/>

**Saksdokument - bakgrunn for forretninga**

	Forklaring	Journalpost nr	Vedlegg nr	Urelevant
Avtaler				X

**Omtale av grenser, grensemerke, inngåtte avtalar, skilsdom, påstandar frå partane m.m.**

Pkt.nr	Type merke	Status	Punkt godkj. av partane	Partspåstandar (journalpost/ vedl.nr.)	Skilsdom/forlik (journalpost/ vedl.nr.)
42-1	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell				
42-2	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Gjenfunnet og nymålt			
42-3	Kors Nedsatt i: Fjell	Gjenfunnet og nymålt			
42-4	Murhjørne Nedsatt i:				

## Oppsummering og fråsegn frå landmålaren

Landmålaren vurderer og gjev ev. kommentarar til: • løyve • rekvisisjonen • varsel om oppmålingsforretninga • førebuing av oppmålingsforretninga • oppmålingsforretninga • måle- og berekningsarbeid • fakturering • etablering/sletting av rettar • matrikulering • tinglysing • utsending av matrikkelbrev • klagerett og fristar

Eigarar av gnr 57 bnr 10, 42 har 08.08.2018 rekvirert oppmålingsforretning med klarlegging av eksisterande grense mellom gnr 57 bnr 42 og bnr 34.

Gnr 57 bnr 42 er frådelt frå 57/10 og etablert ved skyldskifte i 1969, medan gnr 57 bnr 34 også er frådelt frå 57/10 og etablert ved skyldskifte i 1968.

11.10.2018 var kommunen på synfaring saman med Birthe og Frank Borge (eigarar av 57/10, 42). Her påviste Frank Borge to krossar i fjell som han meinte var dei to første grensepunkta som er skildra i skyldskiftet for 57/42. Han fortalte også at han hadde målt 80m langs strandlina mellom dei to krossane. Den sørlegaste av desse krossane (grensepunkt 42-2) var markert med maling, og hadde vorte påvist av tidlegare eigar av 57/42. Borge hadde også prøvd å finna dei andre grensepunkta som det var vist til i skyldskiftet utan å lukkast. Spesielt hadde han lagt ned mykje arbeid i å leita etter kross i fjell i delelina mellom 57/10 og 57/42 som skulle ligga 30m øst for den andre påviste krossen (grensepunkt 42-3). Borge viste også ca der han meinte det østlege grensepunktet mellom 57/42 og 57/34 skulle vera, utiført det han hadde fått fortalt av tidlegare eigar.

I samband med synfaringa målte kommunen inn dei to krossane som vart påvist, i tillegg til eit punkt på muren like nord for naustet på 57/42.

Innkalling til opmålingsforretning vart sendt ut via Altinn 18.10.2018.

Opmålingsforretning vart halde 01.11.2018. Ved forretninga møtte Birthe og Frank Borge for 57/10, 42 og Kåre Skjelanger for 57/34.

Partane er samde om at 57/34 og 57/42 har felles grense. Dei er også samde om kross i fjell i sørvestre hjørne av 57/42, grensepunkt 42-2. Den sørlege grensa til 57/34 vart oppmålt ved kartforretning i 1990 i samband med at 57/34 fekk kjøpa eit tilleggsareal frå 57/33.

Innmåling av grensepunkt 42-2 og 42-3 viser at horisontal avstand mellom punkta er 74,25m medan det i skyldskiftet står 80 m. Vidare er den horisontale avstanden frå 42-2 til den sørvestre krossen på 57/34 utrekna til 190,78m medan det i skyldskiftet til 57/34 står at det skal vera 160m.

Skyldskifte for 57/34 og 57/42 har eit felles mål på 165m.

Kåre Skjelanger foreslo at det østlege grensepunktet mellom 57/34 og 57/42 vart trekt omlag 30m lenger sør enn det grenselina viser på eit gamalt kart som kommunen har rasterinnpass, sidan det vestlege punktet kom omlag 30m lenger nord enn måla i skyldskiftet. Punktet vil då koma like nord for høgspentlinna. Uansett vil ikkje måla i skyldskiftet stemma verken for 57/34 eller 57/42.

Etter litt drøfting vart partane samde om eit nytt grensemerke i fjell like nord for høgspentlinna, grensepunkt 42-1, i samsvar med framlegget frå Kåre Skjelanger.

Grenselina held fram utover i sjøen i same retning som på land så langt ut som den private eigedomsretten går både på aust- og vestsida.

Grensemålingane er utført med Topcon Hiper GNSS/CPOS og tilfredsstiller krava til nøyaktighet som er sett i eigedomsstandarden.

Kommunen har retta opp grensene i kartet og matrikkelført dei nymålte grensene. Det er også lagt inn deleline i mellom 57/42 og 57/10.

Arealet til 57/34 etter retting av grensa er utrekna til 23 506 m<sup>2</sup>. Det er skrive ut nytt matrikkelbrev som vert sendt eigar. Arealet til 57/42 etter retting av grensa er utrekna til 9 828 m<sup>2</sup>. Det er skrive ut nytt matrikkelbrev som vert sendt eigarar. Restarealet til 57/10 er utrekna til 7 107 m<sup>2</sup>. Matrikkelbrev vert sendt eigarar.

Partane var samde om å dela på gebyr etter matrikkellova for oppmålingsforretninga.

I samsvar med matrikkellova §46 og reglane i forvaltningslova kap IV - VI kan det klagast på utføringa av forretninga og på matrikkelføringa. Klagefristen er tre veker.

Sted	Dato	Underskrift
Frekhaug	06.11.2018	

<b>Vedlegg</b> (saksdokument som kjem til under oppmålingsforretninga)				
Relevant	Dokumenttype	Forklaring	Journalpost nr.	Vedlegg nr.
	Partsliste			
	Beregningsdokumentasjon			
	Fullmakt			
	Avtaler			
	Hjemmelsdokument (matrikkelbrev, ekspropriasjonsvedtak, andelsbevis, tinglyst skjøte)			
	Arealregnskap			
	Begjæring/tillatelse til seksjonering/resekjonering			
	Partspåstander			
	Forlik/voldgift			
	Kartvedlegg til protokoll			